

1. Migrasjon til Noreg



Fleire løyve kan gje grunnlag for opphald i Noreg

Alle utanlandske statsborgarar, så nær som nordiske statsborgarar, må ha løyve for opphald i Noreg utover tre månader. Norske styresmakter gav i 2003 rundt 47 000 nye opphalds- og arbeidsløyve. Kor lenge løyvet varer, og om det er mogeleg å fornye det, står og fell på kva slag løyve som er gjeve.

Kor mange har fått løyve som kan gje varig opphald i Noreg?

- 1 100 fekk opphald for å arbeide
- 10 500 fekk opphald som følgje av familiesameining¹
- 3 550 fekk opphald på bakgrunn av ein søknad om asyl
- 1 600 kom til landet og fekk opphald som overføringsflyktingar
- 100 fekk opphald av andre grunnar²

Dei fleste av desse løyva må fornyast kvart år dei tre fyrste åra. Grunnlaget for det opphavlege løyvet må då framleis vere der. Til dømes må ein framleis vere gift dersom ein har fått familiesameining på grunnlag av ekteskap. Etter tre år kan ein søkje om busetjingsløyve, som blir gjeve for uavgrensa tid.

Kor mange har fått mellombels løyve?

- 24 500 fekk opphald for å arbeide
- 5 500 fekk opphald til utdanning

Dei fleste løyva gjev høve til å arbeide, men studentar har avgrensa høve til å arbeide. Born får oftast ikkje arbeidsløyve før dei fyller 18 år. Dei kan likevel med samtykke frå foreldre eller verje søkje om arbeidsløyve frå fylte 15 år. Dette følgjer av arbeidsmiljølova. Eldre foreldre på vitjing hjå dei vaksne borna sine får òg berre opphaldsløyve.

Talet på løyve = talet på utlendingar til Noreg?

Talet på løyve treng ikkje tyde at like mange personar kjem til Noreg. Jamvel om ein person har fått godkjent eit løyve, er det ikkje fullvisst at denne personen fer til Noreg. Somme personar kan få fleire fyrstegongsløyve. Dersom ein person fyrst har hatt eit studieløyve og seinare får familiesameining, vil både studieløyvet og familiesameiningsløyvet bli registrerte som eit fyrstegongsløyve.

Statistisk sentralbyrå (SSB) har tal på kor mange utanlandske statsborgarar som flytter til Noreg. Sjå heimesidene til SSB: www.ssb.no.

¹ Familiesameining blir gjeve på same vilkår som den personen ein blir sameint med. Dersom hovudpersonen ikkje har eit løyve som dannar grunnlag for varig opphald, vil heller ikkje familiesameiningsløyvet gje grunnlag for varig opphald. Dette gjeld likevel einast eit fåtal av løyva.

² Andre grunnar vil seie når sterke menneskelege omsyn talar for det, eller når utlendingen har særleg tilknytning til riket. Sjå tabell over andre løyve på side 26.